

Til Guri Andersen Aksnes
Kontor for kulturtenester
Stord kommune
5401 Stord



«PEDER LUNDARSTØL»

SØKNAD

Den Kulturelle Spaserstokken

Ein kortversjon av musikalen laga i 2011

- Eit samarbeid mellom fylkesmusikarane «Trio Vest» og Sunnhordland museum ved Bjørn Arve Lunde og Johanne Øvstebø Tvedten.
- For Stord, Kvinnherad (Husnes og Halsnøy), Fitjar og Bømlo, 2016.

Bakgrunn

På oppmoding frå Raudt kor skreiv Johanne Øvstebø Tvedten i 2011 eit manus basert på boka til Kristen Sørheim om vandraren og fjellbonden Peder Lundarstøl (1843-1924). Tonje Hernes komponerte melodi til dei fleste songane, og arrangerte dei for kor og orkester. Det vart ein heilkvelds musikal i Kulturhuset ilag med Raudt kor, dirigent Helge Haaland og lokale musikarar, og mange spør framleis om vi kan setta opp igjen spelet. No ynskjer vi å korta ned det 1 ½-times lange spelet til ei enklare framsyning på ca 35 min for Den Kulturelle Spaserstokken, og får med oss Trio Vest på vokal og instrument og delvis som aktørar.

Om spelet

Dette er eit musikkspel om vandraren, gjeldsslaven og slitaren - men også livsnytaren – Peder Lundarstøl. Spelet byggjer på boka til Kirsten Sørheim frå 1974, som igjen tek utgangspunkt i 2000 handskrivne dagboksider etter Peder. Han var gift tre gonger, og var ein uthaldande arbeidsmann, og ein kraftkar det står respekt av. Samstundes kallar hans funderingar overlivet og lagnaden sin fram låtten, for han skriv slagferdig om smått og stort i dagboka si.

Han starta som lærar, men miste løyvet etter berre få år, då han vart knipen i å skjenka sprit til ei skulejente på 14 år. Slik vart han husmann igjen, som foreldra, på Lundarstøl. Peder må stadig låna til livsopphald av venner og kjende, og fører nøyne rekneskap med vekslane sine. Noko ung kone får han aldri. Han gifter seg med 48 år gamle Guro då han sjølv er 28 år. Då Guro dør, gifter han seg med Anna, som er på same alder. Han tener til livsopphald ved ymse skrivarbeid, t.d. for Ole Hystad i banken, og for sorenskrivaren i Kårevik. Han får ingen eigne barn, men elskar fosterdotter si, Marie frå Haugland, over alt anna. Ho bur hos han og Anna i 8½ år. Dagboksnotatane skildrar også ei særskild soge om naboane si omsorg for Peder og konene hans, og om deira innsats for at dei gamle skal greie seg. Slik sett er forteljinga om Peder Lundarstøl ei solidaritetsforteljing om dugnad og deling trass i små midlar. Lundarstøl-tunet utviklar seg etter kvart til ein turiststad, spesielt etter at den siste, driftige kona hans, Kristine frå Jondal, kjem dit opp i 1915. Og ho tek med seg ein arv på 1000 kr, som gjer at Peder endeleg kan kvitte seg med all gjeld som har plaga han i over 40 år. Peder dør i 1924, Kristine held ut på Lundarstøl nokre år til, men sel tunet til andre i 1935, fem år før ho dør. Stord Røde Kors kjøpte seinare stovehuset, og gjorde det om til laget si hytte på Lundarstøl.


Ved bruk av forteljar kan vi lett korte inn på talet på scener, og dialogane kan forenklast og forkortast. Fleire scener og songar vil ikkje bli tekne med, men vi vil behalde nok til å ta vare på varmen og energien i stykket, spenninga og flyten.

Søknadssum:	72.000,-
--------------------	-----------------

Utgifter:

Omskriving av manus: ca 20 timer	10.000,-
Honorar, Trio Vest, øvingar og 5 forestillingar:	35.000,-
DKS-honorar Shl museum, to personar, tre dagar	22.000
Reiseutgifter	5.000,-
SUM:	72.000,-

Med vennleg helsing



Johanne Ø. Tvedten, formidlingsleiar

Stord, 25.08.15